

Kombinasjonen gardbruk - fiske vart levevegen.

Dei hadde desse barna:

Incer Marie f.1826. Ho fekk først eit barn med Johannes Pedersen, John, som kom til Vatnet. Seinare vart ho gift med Mathis Eriksen Simsø.

Andreas f.1831 d.1911. Han vart gift med Barbro Zahl Johannesdotter frå Meisfjord. Sjå nr.11.

Mathis f.1835. Han vart gift med Barbro Hansdotter Meisfjord og dei kjøpte garden Tømmervik.

Kornelius f.1837. Han vart gift med Dorteia Fredriksdotter Tveråbakk. Dei fekk gard i Meisfjord.

Ole f.1833. Gift med Kristine Pedersdotter Holmvik. Dei fekk seg gard på Nord-Bjørn.

Anne f.1844. Reiste til Amerika. Ugift.

## 21.

Adrianna Andreasdatter f.1803 på Simsø.

Foreldre, Andreas Sørensen f.1771, og Christianna Jacobsdotter f.1772 d.1814. Sjå nr.20.

## 22.

Johannes Olsen Meisfjord f.1810.

Garden Meisfjord vart delt i 3 etter faren Ole Olsen, og Johannes fekk då 1/3. Husa på dei 3 bruka vart då bygd i eit tun under Meisfjordåsen, som skikken var på den tida.

Johannes vart først gift med Alette Jacobsdotter frå Tveråbakken, og dei fekk desse barna:

Barbro, sjå nr. 11.

Edvard f.1837 d.1914. G.m. Abel Eliasdotter, og seinare med Anna Nilsson.

Susanna f.1840. G.m. Hans Mørk Bøen, og seinare med Morten Eliassen.

Oline Zahl f.1842. G.m. Ole Pedersen Holmvik, og seinare med Hjeronimus Valla.U.S.A.

Martin.

Jakob.

Etter Alettes død vart han så gift med Margrete Mortensen frå Bjørsvika. Deira barn var:

Alette f.1851.

Jens .1853. Reiste til Amerika.